

Årsmelding 2018

1.0 Normisjon, region Sogn og Fjordane

Normisjon region Sogn og Fjordane har kontor på Sandane. Regionen er tilslutta Normisjon som har hovudkontoret i Oslo. Normisjonsinvisjoner: "Jesus Kristus til nye generasjoner og folkeslag", med kjerneverdiane: "Elska og sendt".

Regionen eig og driv: Fjordly Barnehage, Fjordly Ungdomssenter, Teigen Leirstad og Holmely omsorg og retreat. Region Sogn og Fjordane eig også Nordfjord folkehøgskule og har opprettet stiftinga Sunnfjord folkehøgskule. Regionen har aksjekapital i Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS.

1.1 Regionleiinga

Regionstyret har etter årsmøtet vore sett saman av 3 kvinner og 3 menn:

Leiar: Svein Ottar Sandal, (2018 - 2020)

Nestleiar: Kari Rygg Leirgul, (2017 – 2020)

Styremedlem: Anne Karin Totland Gillesdal, (2018 – 2021)

John Bjarne Geithus (2018 – 2021)

Agnar Ullaland (2016 – 2019) permisjon

Liv Årdalsbakke Bruland (2017 – 2020)

Møter for Acta: Stine Lillebø Hopland - Actaleiar
Rune Tøsse - Actastyreleiar

Varamedlemar: Elida Østergaard Bruland, Førde

20017-2018 Anne Berit Refvik, Refvik

Svein Helge Hovstad, Sandane

Forretningsutvalet (FU) har hatt denne samansettinga:

Leiar: Svein Ottar Sandal, Sandane

Nestleiar: Kari Rygg Leirgul, Vereide

Regionleiar: Jesper Lemming, Vereide

1.2 Valnemd

Kjell Magne Birkelund (2017- 2020)

Kjell Arne Heggheim (2015 - 2018)

Normann Årset (2018 - 2021)

1.3. Revisor

En har for arbeidsåret 2018 hatt revisjonsfirma BDO NORAUDIT Fjordane AS, Sandane

2.0 Regionstyret sitt arbeid

Regionstyret har i 2018 hatt 7 møter og handsama 50 saker. Av store saker i styret har vore budsjettarbeid/ økonomi, forankre fellesskapsbygging i regionstyret, nytt styre for Fjordly barnehage. Sal av Breim bedehus (kr 417 000) Styrke samarbeidet mellom regionstyret og Acta gjennom fellesmøte, felles planlegging, Tilsettingar og generell personellsituasjonen i regionen.

2.1 Tilsette i regionen

I løpet av året var det 7 tilsette i regionen, 3 kvinner og 4 menn:

Jesper Lemming,	Regionleiar, varierande prosent stilling gjennom året
Vegard Tennebø,	Fellesskapsutviklar 70%, Leiarteam Normisjon, 30% (nasjonalt)
Nils Jøssang,	Administrasjonsleiar 30% fram til august
Ingebjørg Isane Fure	Regionarbeidar 50%.
Stine Lillebø Hopland	Actaleiar i 100% til 1. desember
Ane Marte Warvik	Actamedarbeidar / Teigen, 50%. Vikariat til august 2018)
Stian Stokkebekk	Acta fellesskapsutviklar i Sunnfjord 100 prosent frå aug

2.2 Tilsette i einingane

Marte-Iren Lade,	Dagleg leiar Fjordly Ungdomssenter, 100%
Heike Wallach,	Husmor, 50%
Eva Stavseth Langseth, / Rune Langset	Dagleg leiar Holmely, 80%
Wenche Nygård,	Dagleg leiar Fjordly barnehage
Ane- Marte Warvik,	Leirstadsansvarleg Teigen, 40%
Anna Marie Skogli Vatnamo,	Dagleg leiar Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen.
Hildegunn Gjesdal Tennebø,	Rektor Nordfjord folkehøgskule
Jorunn Knapstad,	Rektor Sunnfjord folkehøgskule

2.3. Gjestetalarar utanfrå

*Lars Sigmund Simonsen, to veker i regionen våren 2018 som forkynner
Ole Magnus Olavsrud, «haustmøtet», Sandane, oktober*

3.0 Om arbeidet i regionen

Regionen har mange gode støttespelarar i ca. 63 lag, foreiningar og kontaktpersonar rundt om i fylket som samlast om Guds ord og ber for bygdene og arbeidet til Normisjon både her heime og i samarbeidslanda. I Acta er det i tillegg 26 barnelag, ungdomslag, kor m.m.

Regionen har hatt fokus på misjon, særleg i Nepal og litt i Mali. Det vart oppretta ei ny Samarbeid Menighet og Misjon -avtale (SMM) med Selje sokn i 2018. Frå før har vi SMM-avtale med Hyen. Elles har fleire foreiningar engasjert seg med bøn og gavé til misjonsprosjekt.

To "Bibel og kafé" i Sogndal i samarbeid med Sogndal Indremisjon (SIM) og vart halden i SIM sine lokal i Sogndal. Dagen vart prega av fokus på Galatarbrevet. Vegard Tennebø underviste.

Det vart ikkje arrangert tradisjonelt haustmøte på Nordfjord Folkehøgskule i 2018. Men der var eit samarbeid mellom folkehøgskulen og Møtepunkt B på Sandane og med seminar og fellesskapssamlingar med Ole Magnus Olafsrud som gjestetalarar.

Tilsette i regionen har også så vore rundt på foreningsbesøk og forkynt så mykje som det har vore

kapasitet til (sjå også 8.0 Stabssituasjonen). Det er mange viktige og verdifulle møteplassar i bedehus og fellesskap rundt om i fylket vårt. Fokuset på misjon, bøn og gjevarutenesta for misjonens sak er stor, sjølv om regelen no er at det mange plassar er mindre aktivitet. Fellesskapet er likefullt verdifullt. Både Ingebjørg Fure og Vegard Tennebø har vore rundt og forkyst på møter, deleke på temakveldar og misjonsmøter. Det er alltid kjekt å møtes slik!

Regionen er takksame for frivillige som tek forkynnaroppdrag hos foreiningane. Det har dessverre ikkje vore ressursar til å følgje opp fritidsforkynnar-ordninga frå kontoret si side, men vi veit at nokre har vore ute og forkyst. Det er konkrete planar om å følgje opp fritids-forkynnaranane betre i inneverande år.

Julemessene på Sandane og på Stadlandet er flotte samlingar til glede og inspirasjon. Olden har gått over til å ha ein basar til inntekt for regionen i oktober. Denne samla mykje folk og gav god inntekt. Til saman kom det inn ca. 153 000 på desse tre arrangementa. Det vert lagt ned ein fantastisk stor innsats som også gjev naudsynte kroner i ei slunken misjonskasse, sjølv om det i år kom inn litt mindre enn i fjor. Det er likevel betydelege bidrag til økonomien, og vi oppmodar fleire foreiningar om å ta eit slikt ansvar for økonomien i regionen, gjerne i eit anna kvartal i året enn det siste.

3.1 Nordfjordsommar

Er eit nytt tilbod som starta opp i 2018 lagt til Nordfjord Folkehøgskule og i samarbeid med KRIK. Her var det deltakrar frå heile landet og om lag 180 var med på denne «leiren», som har ein tydeleg friluftsliv-profil. Etter bibeltimane på morgonen bar det ut på tre godt planlagde turopplegg som ulike turgrupper rullerte på gjennom dagane. Initiativtakrar var vår Vegard Tennebø, Hildegunn Gjesdal Tennebø. Jesper Lemming og mange fleire var tungt inne i gjennomføringa. Der deltok også ungdomar frå «Sommarteamet» med forkynning og leik til barn og unge. Nordfjordsommar vert vidareført også i 2019 og utvida til 240. Dette er det desidert største arrangementet vi har i vår region.

3.2 Storsamling på Fjordly

Dette er fellessamlingar som søker å gje ein større samlingsplass for alle generasjonar i regionen. I samarbeid med Marte Iren på Fjordly er det Stine og Vegard som held i desse samlingane for regionen. Middag, eit flott familiemøte m nattverd, og kaffi og kaker etterpå.

3.3 Samtalar med NLM om nytt fellesskap i Førde

Det har vore gjennomført drøftingsmøte med NLM Vest med sikte på felles deltaking og innsats om fellesskapsbygging i Førde. Vegard og Stine har representert Normisjon. Stian Stokkebekk arbeider no utifrå denne plattformen med fellesskapsplanting i Førde

3.4 Smågruppe

Smågruppeopplegg er ei viktig satsing for regionen vår. Vegard Tennebø og Andreas Tjomsland har produsert 4 nye seriar med samtalebaserte og tematiske smågruppeopplegg (18 til saman) som har vore etterspurd langt utover Sogn og Fjordane sine grenser. Alle desse er tilgjengelege via våre nettsider. (www.normisjon.no/sof)

4.0 Samlingsnasjonalt

Generalforsamling 2018

Juli 2018 var det Generalforsamling i Normisjon i Grimstad. Frå regionen deltok Vegard Tennebø med bibeltimar og Svein Ottar Sandal var hovuddirigent for generalforsamlinga. Hildegunn Gjesdal Tennebø var der og nokre fleire frå Sogn og Fjordane. Fokus må økonomi var sentralt i forhandlingane, elles var det mange og gode møter og konsertar under GF.

Rådsmøte 2018

Det vart kalla inn til utvida rådsmøte i november 2018. Bakgrunnen var den vanskelege økonomien til Normisjon. Store underskot i 2018 opp mot over 20 mill. i tillegg til oppsamla underskot frå tidlegare år er alvorleg. Frå Sogn og Fjordane deltok: Jesper Lemming, Svein Ottar Sandal, Vegard Tennebø, Hildegunn Gjesdal Tennebø (rektor) Jorunn Knapstad (rektor)

Det kom fram ein del forslag til endringar ved hovudkontoret som skal bli meir eit servicekontor for organisasjonen, endringar i det internasjonale arbeidet. Og landsstyret har vedtatt eit budsjett for 2019 i balanse

5.0 Fellesskapsutvikling 2018

I 2018 har vi fått hauste inn ein del av det fellesskapsutviklinga har sådd sidan satsinga starta for nokre år sidan. I januar 2018 starta eit nytt fellesskap å møtast regelmessig til møter på bedehuset på Sandane. Mange var der fordi dei hadde kome med gjennom smågruppesatsinga vår. Og mange andre kom med fordi dei hadde nettverk og venskap inn i miljøet. Hovudgruppa er barnefamiliar og unge, men vi er glade for at aldersspreiinga er frå 0 – 90 år. Fellesskapet vart kalla Møtepunkt B og samlast både i heimane (smågrupper) og på bedehuset . Forkynning, barneopplegg, lovesong og musikk, nattverd og det sosiale over ein kaffikopp er viktige ingrediensar. Det friviljuge arbeidet er enorm - mange vert involvert i tenesteoppgåver, som t.d. forbørnsteneste, lyd og skjerm, møteleiing og praktiske teneste. Over 3000 timer friviljug arbeid er lagt ned og over 2200 folk har komme innom gudstenestene. Ca 60 born er med i barneopplegget, og er såleis eit av dei største barnelaga vi har i Sogn og Fjordane. Eigarkjensla til fellesskapet er stor, og mange kallar dette for sin menighet. Det er vi glade for og stolte over. Leiagrupsa for Møtepunkt B deltek også i M4, eit trenings og utrustningsforløp for menighetsplanting på nasjonalt nivå.

Hausten 2018 tilsette vi ny fellesskapsutviklar (Stian Stokkebekk) i rammene av ei Acta-stilling med base i Sunnfjord. Det var allereie før dette gjennomført 2 drøftingsmøte med NLM region Vest, Sunnfjord Misjonsforsamling (som samlast på Skilbreid) og Førde Normisjon om moglegheiter for å starte nytt fellesskap i Førde sentrum. Det var det stor vilje til. Det er oppretta ei prosjektgruppe som skal arbeide fram eit nytt fellesskap som tar mål av seg til å nå unge vaksne og barnefamiliar i Førde. Hausten vart brukt til å byggje teamet, arbeide med visjon og sjå moglegheitene som ligg føre. Planen er at fellesskapet kan byrje offentlege samlingar haust 2019. Den første av 3 «DNA-kvelden» (prosess for mobilisering, involvering og visjon) vart gjennomført i Førde bedehus i februar 2019 med ca. 70 nyfikne frammøtte. Svært løfterikt.

Felles for begge desse to eksempla er at ein tenkjer meir heilskapleg rundt fellesskapet enn kva vi kanskje har vore vande med i Normisjon. Tradisjonelt har vi sett på eige arbeid som tillegg til kyrkja. Dette har fungert lenge og nokre stader fungerer det ennå. Men det er endringar i både samfunnet og i kyrkje – og organisasjonslivet, som gjer at vi tenkjer at vi nokre stader kan prøve noko annleis. Desse nye fellesskapa ønskjer å vere heildekande og ein plattform som kan stå støtt på eigne bein. Ein av konsekvensane av dette er at ein også legg til rette for full sakramentsforvalting og arbeider med pastoralt leiarskap. Det er den ansvarlege konsekvensen av at nokre kunn har desse fellesskapa som rammeverk for sitt trusliv.

Sjølv om det også er kritiske røyster til dette, er så langt erfaringane overveldande positive, og vi ser at mange som ikkje har funne seg til rette i si bygd, no har funne ein heim for seg og familien sin.

6.0 Acta barn og unge i Normisjon

Acta barn og Unge i Normisjon Sogn og Fjordane har eit breitt arbeid som strekk seg frå Stadlandet nord i fylket til Sogndal i Sør i fylket. I 2018 var det 26 barnelag tilslutta Acta, med totalt rundt 600 medlemmar. 488 av desse har betalt medlemskontingent i 2017 (Støtteordninga gjer at årsrapportar blir godkjent på hausten, så der ligg statistikken eit år bak.) I 2018 var det planlagt 13 leiarar totalt på dei to leirstadane våre, 12 av desse vart gjennomført. På Fjordly var det 362 deltagarar i 2018, mot 405 året før. Dette kan skuldast at det var ein sommarleir mindre enn tidlegare år. På Teigen var det 65 deltagarar, mot 99 året før. Her vart dessverre to av leirane avlyst i 2018 p.g.a. manglande påmelding. I tillegg var Acta med å hadde barneopplegget på Nordfjordsommar på Nordfjord folkehøgskule. Av årets gleder i Acta SOF må vi nemne mellom anna tilsetting av fellesskapsutviklar i Acta. Stian er komen godt i gang med utvikling av fellesskap i Sunnfjord. Utvikling av nye fellesskap i Acta er noko vi ynskjer å satse på, og noko vi ser trengs. Barn og Unge i fylket vårt treng fleire fellesskap, og vi ynskjer å vere med å bygge dei! Vi må også nemne at vi er godt i gang med planlegginga av Konfcamp Nordfjord! Vi ynskjer å satse stort på ein eigen konfirmantfestival i Nordfjord. Planlagt oppstart er seinsommaren 2020. Konfcamp er eit samarbeid med Acta sentralt.

I 2018 hadde Acta SOF ein del fastgjevarinntekter. Vi fekk i tillegg mellom anna 35 000 frå bispedømmerådet for å utvikle leirsamarbeidet med kyrkja ytterlegare. For ytterlegare informasjon om gleder, utfordringar, statestikk og økonomi sjå Acta si eiga årsmelding, samt rekneskapen til Normisjon.

I 2018 gjekk Acta med eit «underskot» på kr 660 052 mot tilsvarande tall for 2017 kr 779 330. Inntektene har minka med vel kr 40 000 og kostnadane har auka med nesten kr 160 000

7.0 Einingsane våre

7.1 Fjordly ungdomssenter - 2018

2018 har vore eit fint år med mange flotte arrangement på Fjordly. Viktigast er dei ni actaleirane som fyller hus og hytter med barn, tenåringar og familiær. Ni pensjonisttreff, fire Storsamlingar, basar og Fjordlyfestival er òg viktige arrangement som samlar folk i alle aldrar frå minst seks kommunar. Det har vore 26 arrangement med overnatting (28 i fjor) og 49 dagsarrangement (37 i fjor). Fjordly har hatt totalt 2382 gjestedøgn (3082 i fjor).

Årsrekneskapen for 2018 viser eit underskot på kr. 252 115. Kr. 95 000 av gaveinntektene i 2018 gjeld Eidhytta og er overført til 2019, underskotet blir tilsvarande større. Fire avbestillingar frå store grupper siste halvdel av året, har ført til færre gjestedøgn og mindre driftsinntekt enn forventa. Avbestillingane skuldast ting Fjordly ikkje rår med, som lite påmelding og misforståing av dato. Det er uvanleg med så mange avbestillingar. Utgifter til løn har auka med kr. 53 800 i høve til 2017, fordi dagleg leiar har gått frå 80 til 100 % stilling.

Vi er svært takknemlege for alle som støttar Fjordly gjennom dugnad, gjevarteneste og bøn. Folk i alle aldrar brukar staden. Mange gjev uttrykk for at det er godt å vere her, og ein del reknar Fjordly som sin andre heim. Dette inspirerer oss og gjev oss tru på at Fjordly er ein viktig stad som Gud bruker til velsigning for mange.

7.2 Teigen Leirstad

På Teigen har det vore to leirar i 2018. Sommarleiren vart avlyst på grunn av manglande deltaking. Det har vore Teigenstemne, innvandrarhelg, førejulstreff, jonsokfeiring og påsketreff.

Rekneskapen for Teigen er ikkje klart når denne årsmeldinga er skriven. Ane-Marte Warvik var ei tid i 2018 40 prosent som dagleg leiar.

7.3 Holmely

Rune Langset har vikariert som dagleg leiar sidan mars 2018. I vårhavåret har det vore 11 samlingar med ulike tema og lengde. Sommaren har frivillige og dagleg leiar drive «sommarhotell» Har fordobra omsetninga frå 2017. I hausthalvåret har det vore 12 samlingar av ulik lengde. I tillegg har det vore utleige til selskap og menighetshelgar gjennom året.

Økonomisk viser resultatet eit underskot på kr 89 611 mot 219 505 i 2017. Lønnskostnadane har auka med vel 380 000

7.4 Fjordly barnehage

Barnehagen fekk i 2018 eige styre: Marianne Ostrøm (styreleiar) styremedlemer: Olav Gjesdal, Anita Våg og Wenche H Nygård (styrar) Det er etablert samarbeidsutval samansett av eigar, foreldre og tilsette. Barnehagen har utfordringar i høve til redusert barnetal. Frå 29 våren 2018 til 15 august. Stillingane har variert med barnetalet, det er ein krevjande situasjon. Barnehagen har eit resultat på kr 56 224 mot kr 628 538 for 2017. Eigenkapitalen i barnehagen er framleis god med sum omløpsmidlar på kr 3 622 024. Gjelda er på 863 617 der det meste er kortsiktig gjeld.

7.5 Folkehøgskulane

Sunnfjord folkehøgskule og Nordfjord folkehøgskule driv det desidert største og viktigaste ungdomsarbeidet som skjer i fylket vårt og vi er glad for all innsats alle lærarar, skuleadministrasjon og tilsetje gjev inn i unge liv.

Sjå einingane sine eigne årsrapportar for meir informasjon.

8.0 Media

Heile Normisjon fekk nytt publiseringssystem for nettsider i 2018, og regionen bygde opp ei ny og betre heimeside (www.normisjon.no/sof) Regionsida på acta.no fungerte fram til sommaren, men det vart ikkje kapasitet i Acta til å bygge opp ny regionside. Enn så lenge har Acta Sogn og Fjordane nytta seg av normisjon.no/sof

Avisa Nytt frå Normisjon er framleis ein viktig informasjonskanal for regionen og giroane som ligg ved avisas gir viktige inntekter. Avisa kom ut med 5 nummer i 2018. Region Sogn og Fjordane, region Møre og nasjonalt og internasjonalt stoff har ein tredjedel kvar av avisas. Redaktør har vore Ingebjørg Isane Fure og heile staben er redaksjon. Ein ønskjer å få inn meir frivillig innsats i arbeidet med redigering og skriving for å frigjere ressursar i staben til meir utover-retta arbeid. Interesserte må gjerne melde seg.

Ein nyhets-e-post vart sendt ut frå regionen med litt ujamne mellomrom. I tillegg har arrangement og nyhende blitt lagt ut titt og ofte på Facebooksida Normisjon / Acta Sogn og Fjordane.

9.0 Stabssituasjonen

Stabssituasjonen har vore krevjande i 2018. Vi har hatt mange permisjonar og med ein så ung stab blir det også av naturlege grunnar fødselspermisjonar. Jesper Lemming og Stine Hopland har/er i permisjon. Også ein del sjukepermisjonar og personar i redusert stillingar.

Stian Stokkebekk starte i august i ny prosjektstilling som fellesskapsutviklar i Acta med base i Sunnfjord. Det er eit svært viktig arbeid i ein av dei største stadane i fylket.

Regionen har ein flott stab medarbeidarar som gjer eit godt arbeid. Med mange deltidsstillingar og permisjonar kan det til tider vere utfordrande å sjå heilskapen i arbeidet ein står i.

10.0 Minneord

Styret vil takke for tenesta frå dei som har gått bort siste året.

Livet er ei verdifull gāve gjeve oss av Gud i kjærleik med gāver og oppgāver. Vi kan kjenne på sorg og sakn, men mest på takksemd for det dei fekk vere medan dei var her saman med oss.

11.0 Økonomi

Rekneskapen for 2018 er gjort opp med eit underskot på kr 83 638. I dette ligg både Region kontoret og Acta barn og unge. Normisjon har eit "overskot" på kr 573 984 og Acta har eit "underskot" på kr 657 621. Det er naturleg å sjå desse to einingane i samanheng ettersom inntektsføringa ikkje alltid skil like bra på dei to einingane. Det har vore ein krevjande prosess å få avslutta rekneskapen i tide, både fordi vi har hatt lite personalressursar å setje inn, manglande billagsordningar og eit inntektsføringssystem i Normisjon sentralt - Tindra som har gjort dette komplisert og arbeidskrevjande. Når underskotet er mykje er lavare enn budsjettet så skuldast dette vakansar i stillingar, permisjonar som har blitt dekt av NAV og ulønna permisjonar. Året 2018 er såleis eit noko unormalt år som ikkje vi kan rekne med blir vidareført i 2019. Med dei mange usikre inntektene som er i ein slik organisasjon må det gjennom året utøvast streng kostnadskontroll og at ein legg opp til ei drift i balanse. I denne rekneskapen inngår ikkje dei andre einingane i Normisjon.

11.1 Ansvarsringen

Er ei ordning som vart oppretta under Nordfjord Indremisjon, som ei gjevarteneste og bøneansvar for misjonsarbeidet. I 2018 er det 49 personar som er med på ordninga som samla gav kr 142 960 til regionen. Solveig Aaberg i Oldedalen samordnar denne tenesta. Vi er svært takksame for at denne ordninga fungerer framleis og gjev oss ei stor og viktig inntekt.

12.0 Våre satsingsfelt

Gjennom den såkalla identitetsprosessen som vart gjennomført i heile Normisjon i 2017/18 vart det meisla ut tre områder som organisasjonen særleg skal kjennast igjen på:

- Barn og unge:
- Misjon
- Fellesskap

Saman er vi Normisjon for: Barn og Unge, Misjon og Fellesskap

Vi står saman med mange medarbeidarar i fleire verdsdelar og mange land, og er takksame både til Gud og menneske for at vi får vere med i dette arbeidslaget.

Det store arbeidsfellesskapet er samansett av einskildmenneske som kvar på sin plass gjer eit stort arbeid. Styret rettar ein takk til alle, unge og eldre som står med i arbeidet både med munn og hand, frå talarstol og kjøkkenbenk, med musikkinstrument og vaskebøtte, med giroblankett og hender falda i bøn.

Hjarteleg takk for all teneste for Jesus og Normisjon.

Sandane. 3. april 2019

Svein Ottar Sandal
Styreleiar

Kari Rygg Leirgul
Nestleiar

Liv Årdalsbakke Bruland
Styremedlem

John Bjarne Geithus
Styremedlem

Elida Østergaard Bruland
Styremedlem

Anne Karin Totland Gillesdal
Styremedlem

Jesper Lemming
Regionleiar